



I 1994 leverte Eidsvik Skipsbyggeri i Uskedalen fiskebåten MS Paula til rederiet Doyle Fishing Company Ltd. i Irland. Båten er nå kjøpt tilbake til Noreg av Dales Rederi AS på Os.

Båten skal erstatta den den noverande fiskebåten som rederiet har. Det er MS Røttingøy. Den nye MS Røttingøy (Paula) vil lasta om lag 50 prosent meir en den noverande.

Dales Rederi AS skal ta over Paula i slutten av februar. Deretter skal den ombyggjast noko og så setjast inn i fiske om ca. eit halvt år.

Lista over nybygg ved Eidsvik fortel at MS Paula er ein pelagisk trålar og var byggenummer 51. Den er 59 meter lang

Biletet over viser Paula hos Eidsvik i 2005. Båten var då inne for reparasjon etter eit havari same året.

Biletet under viser Paula i desember 1994, i samband med overleveringa. Sheanne, som ligg på utsida, er også irsk og tilhørde truleg same rederiet som fekk levert Paula.

Tekst og foto: Harald Sætre

